

Aurland kommune

Sogn Jord- og hagebruksskule - vegen vidare. Oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak i sak 116/13

Fylkesutvalet handsama i møte 27.11.13 sak 116/13 Sogn jord- og hagebruksskule – vegen vidare og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gong ein prosess, med frist medio mars 2014, for å kartleggje kven som vil vere med å delfinansiere framtidige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule – både på kort og lengre sikt. Det skal likeeins kartleggjast kven som vil vere med å dekke årlege driftsutgifter, ekskl. kapitalutgifter, i den grad desse ikkje vert dekkja av staten innafør ramma av den statleg godkjende landslineordninga.
2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:
 - a. Dekke 60% av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
 - b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med ta eit finansielt delansvar også for det langsiktige investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr.
 - c. Dekke om lag halvparten av dei løpande driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.
3. Fylkeskommunen tek umiddelbart opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av til-høyrande drift. Fylkeskommunen ønskjer her eit nært samarbeid med Aurland kommune.
4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen, jf. pkt. 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjer om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.
5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebruksskule.

Som oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak i saka ber fylkesrådmannen om at Aurland kommune innan vedteken frist (15. mars 2014) gjev ei tilbakemelding i høve vedtakspunkt 4, første del.

Med tilvising til vedtakspunkt 4, andre del, ønskjer vi at Aurland kommune dessutan hjelper til med å klårgjere om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor. På dette området ser vi gjerne at kommunen samarbeider med skulen, dersom dette kan vere tenleg. Dersom kommunen ikkje finn å kunne ta denne rolla, torer vi be om ei tilbakemelding om dette snarast råd.

Med grunnlag i vedtakspunkt 3 ønskjer fylkeskommunen umiddelbart å ta opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift. Vi ønskjer på dette punktet eit nært og godt samarbeid med Aurland kommune. I utgangspunktet ser vi her føre oss at vi sender eit felles brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland kommune, signert av fylkesordførar og ordførar, der vi ber om eit snarleg møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet. I eit slikt brev bør vi be departementet vurdere om også andre departement bør koplast inn i saka. Dersom Aurland kommune ønskjer å vere med på eit slikt felles løp mot statlege styresmakter, kjem vi gjerne tilbake med eit utkast til brev. Fint om vi kan få ei snarleg tilbakemelding frå kommunen også på dette punktet.

Sett frå vår side er det ønskjeleg at Aurland kommune peikar ut ein kontaktperson for det vidare samarbeidet om denne saka. Frå vår side vert Ingeborg Lie Fredheim kontaktperson.

Vi ser fram til eit godt samarbeid med Aurland kommune.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Bekka Skaasheim
fylkesdirektør for opplæring

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Fylkesordførar Åshild Kjelsnes
Björg Fritsvold, Sogn jord- og hagebruksskule